



Arkivnr: 2015/943-1  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Storeholmen VTA AS

### Bakgrunn for saka:

#### Kontrollutvalet i Kvam herad gjorde slikt vedtak i sak 39/14 i møte 1.12.14:

1. *Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS frå Deloitte AS, dagsett 18.11.2014, både gjeldande pkt. A om eigarskapsforvaltning og pkt. B om drift.*
2. *Selskapskontrollen vert gjennomført i høve prosjektplanen sitt punkt 4.2, Ressursbruk.*
3. *Prosjektplanen vert å sende som invitasjon til deltaking til dei andre eigarkommunane med svarfrist 28.02.2015. Kostnad for prosjektet vert utrekna i høve eigardel i selskapet.*
4. *Kontrollutvalet i Kvam herad vil gjennomføre selskapskontroll av Storeholmen VTA AS uavhengig av om dei andre eigarkommunane deltek eller ikkje.*
5. *Endeleg rapport, inkludert uttale frå rådmann og selskapet vert sendt sekretariatet innan utgangen av mai månad 2015.*

Sekretariatet har motteke invitasjonen som er omtala i punkt 3 i vedtaket. Den ligg ved saman med prosjektplan og saksframlegg, som og inkluderer saksprotokoll frå møtet i Kvam herad 1.12.14.

**I Hordaland fylkeskommune sin vedtekne plan for selskapskontroll er det gjort slik prioritering blant fleire alternative prosjekt i prioritert gruppe:**

1. **a. Hardangerbrua AS**  
**b. Fastlandssamband Halsnøy AS**
2. Bompengeselskapa
3. Storeholmen VTA AS
4. Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS
5. Strandgaten 195 AS

Prosjekt 1a og b blei gjennomført i løpet av 2014 og revisjonsrapportar skal handsamast i kontrollutvalet i dette møtet og vidare til fylkestinget 10.3.15.

#### Drøfting:

Av vedteken plan ser vi at selskapskontroll av Storeholmen VTA AS er blant dei prioriterte prosjekta. Grunnen til dette er truleg at, Nordheimsund Industrier AS sine tidlegare VTA-plassar, er overdratt til Storeholmen VTA AS, og at Hordaland fylkeskommune sin eigardel er på heile 36,36 %. Når invitasjonen frå Kvam herad no er motteke bør kontrollutvalet vurdere om det kan vera ei føremon å vera med på ein felles selskapskontroll av dette selskapet, sjølv om det er prioritert etter «Bompengeselskapa», som er neste på prioriteringslista. Det går m.a. fram av kontrollutvalsboka på side 112 at:

*«Dersom selskapet som skal kontrollerast er eigd av fleire kommunar, vil det vere føremålstenleg at kontrollutvala i eigarkommunane samordnar kontrollen for å unngå unødig belastning for selskapet. Dette vil også medverke til å effektivisere ressursbruken i kontrollutvala.»*

Kontrollutvalet i Kvam herad har bede Deloitte, som er deira valde revisor og Hordaland fylkeskommune sin revisor, om å gjennomføre denne selskapskontrollen.

Av forslag til prosjektplan går det fram at prosjektet kan gjennomførast i to delar:

- Problemstillingane knytt til den kommunale eigarskapsforvaltninga kan bli undersøkt for kvar eigarkommune.
- Handsaminga av problemstillingane knytt til drifta i selskapet vil vere den same for alle eigarkommunane.

Kontrollutvalet i Kvam herad (45,45 % eigardel) har vald å gjennomføre begge desse delane, men det er fullt mogeleg å berre gjennomføre ein av delane. Invitasjon til å delta er send kontrollutvalet i Samnanger kommune forutan i Hordaland fylkeskommune. Eigarskapen til fylkeskommunen er på 36,36% og er nest største eigar. Sekretariatet meiner at kontrollutvalet difor bør vurdere å få utført både eigarskapskontrollen og delta i forvaltningsrevisjonen av selskapet. Kostnaden for å få utført eigarskapskontrollen vil for fylkeskommunen utgjere 50 timar.

Når det gjeld kostnaden med å delta i forvaltningsrevisjonen vil det avhenge av om Samnanger kommune vel å delta. Dersom Samnanger kommune ikkje vert med vil kostnaden for Hordaland fylkeskommune dreie seg om ca. 66,5 timar, dette på bakgrunn av at 81,81% av eigarane vert med. Vert Samnanger kommune med i forvaltningsrevisjonen vil kostnaden dreie seg om ca. 60 timar, dette på bakgrunn av at 90,91 % av eigarane vert med. Den siste eigardelen på 9,09 % er eigd av «Kvam og Jondal Lag AV Nfu» og dei har signalisert at dei ikkje ønskjer å delta. For deltaljar når det gjeld utrekninga av timetalet vert det vist til invitasjonen frå Kvam herad.

I tillegg til desse kostnadene kan Deloitte fakturere inntil 4 timar for koordinering og inntil 6 timar for utarbeiding av tilpassa rapport til fylkeskommunen og presentasjon av revisjonsrapport i eit kontrollutvalsmøte. Det kan og kome til ekstra kostnader om kontrollutvalet ønskjer at Deloitte skal presentere den ferdige rapporten i fylkestinget. Dette vert i tilfelle avtala særskilt.

#### Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune seier ja til å gjennomføre eigarskapskontroll i høve Storeholmen VTA AS i tråd med prosjektplanen som ligg føre. Vidare vert det også tilrådd å delta i felles regional selskapskontroll når det gjeld forvaltningsrevisjon av Storeholmen VTA AS. Sekretariatet vil også tilrå at kontrollutvalet ber Deloitte om å presentere resultatet av selskapskontrollen for kontrollutvalet når den er ferdig. Det vert også tilrådd at det vert lagt inn ein opsjon på eventuell presentasjon av rapporten for fylkestinget.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune seier ja til å gjennomføre selskapskontroll av Storeholmen VTA AS når det gjeld delen om eigarskapskontroll.
2. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune seier ja til å delta i felles regional selskapskontroll av Storeholmen VTA AS når det gjeld den delen som omfattar forvaltningsrevisjon.
3. Selskapskontrollen skal utførast av Deloitte i tråd med prosjektplan som ligg føre.
4. Kontrollutvalet ber om at Deloitte presenterer resultatet av selskapskontrollen for kontrollutvalet når den er ferdig.
5. Kostnadene til deltaking i prosjektet vert godkjent i tråd med utrekningsmodellen i invitasjon dagsett 23.01.2015. I tillegg kjem kostnader til koordinering, tilpassing av rapport og presentasjon av rapport for kontrollutvalet samt opsjon på eventuell presentasjon i fylkestinget.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2015 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg: Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Invitasjon til deltaking  
Saksframlegg kontrollutvalet i Kvam herad 011214 Selskapskontroll Storeholmen VTA  
Saksprotokoll kontrollutvalet i Kvam herad 011214 Prosjektplan selskapskontroll  
Storeholmen VTA AS  
Prosjektplan selskapskontroll av Storeholmen VTA frå Deloitte,